SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga

Sakshandsamar:
Frode Kristian Grøttebø
E-post: Frode.Kristian.Grottebo@sfj.no
Tlf.: 97653769

Vår ref.
Sak nr.: 17/9515-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
6021/18

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 05.02.2018

Notat

Til: Hovudutvalet for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Rapport frå fylkesdirektøren for opplæring sine dialogmøte med PP-tenesta for vidaregåande opplæring

Dialogmøte mellom fylkesdirektøren og PP-kontor saman med eigarrepresentantar vart gjennomført i januar 2018. Dialogmøta er ein del av kvalitetssystemet, oppfølging av samarbeidsavtale og del av tiltaka i utviklingsplanen for PP-tenesta i vidaregåande opplæring. Tema for dialogen er forankra i utviklingsplanen for pedagogisk psykologisk teneste for vidaregåande opplæring og tiltak i planen.

Styringsdialogen vart gjennomført som fellesmøte med PP-leiar, PP-rådgjevar og eigarrepresentant. Dialogen gjev fylkesdirektøren forståing for utfordringar og suksessfaktorar ved dei enkelte PP-kontora.

Det er gjennomført møte med følgjande kontor:
- Sogn PPT
- PPT Ytre Sogn og Sunnfjord
- PPT Indre Sunnfjord
- PPT Flora
- PPT Gloppen
- PPT Stryn og Hornindal
- PPT Eid og Vågsøy
- PPT Lærdal og Årdal vert gjennomført i mars

Tema for møte var:
- oppfølging av samarbeidsavtale
- administrativt fagråd
- innspel til arbeidsgruppe pedagogisk psykologisk teneste
- læring og fellesskap. Utdanningsdirektoratet sin strategi for etter og vidareutdaning av tilsette i pp-tenesta
- erfaringar angåande inntak til vidaregåande skule
- erfaringar angåande saksgangen for spesialundervisning

Deltakarane i møte vart invitert til å sende inn tema dei ønskte å ta opp med fylkesdirektøren. Tema opplæring i bedrift blei drøfta med kontora som er ansvarlege for lærlingar og lærekandidatar.

Konklusjon:

Oppfølging av samarbeidsavtale

Fylkesdirektøren for opplæring tok opp ressurssituasjon, bemanning, kompetanse, samarbeid, utviklingsplan og avtalane si varighet.

Det er relativt stor skilnad i korleis dei ulike kontora opplever ressurssituasjonen og samarbeid mellom kontora. Alle kontora meiner dei har kompetanse til å løyse oppgåvene eller at dei hentar inn ekstern kompetanse ved behov.

Administrativt fagråd

Dei administrative fagråda er noko ulikt organisert og har ulik grad av aktivitet. Der dei administrative fagråda har jamlege møter bidreg dei til å skape ein samanheng i opplæringa i regionen. Fylkesdirektøren informerte i møte om at rektorane ved dei vidaregåande skulane har fått avklart rolla dei har i det administrative fagrådet og at det er etablert rutinar som sikrar at fylkesdirektøren skal vere ein tydeleg deltakar i det administrative fagrådet.

Læring og fellesskap. Utdanningsdirektoratet sin strategi for etter og vidareutdaning av tilsette i pp-tenesta

Kontora melder tilbake at dei i stor grad har delteke og hatt nytte av strategien for etter og vidareutdanning. Områda der det har vore kompetanseheving for PP-tenesta i Sogn og Fjordane er blant anna organisasjonsutvikling/endringsarbeid, fleirspråklegheit og fleirkulturell kompetanse.

Erfaringar angåande inntak til vidaregåande skule

Med heimel i opplæringslova § 5-4 og rundskriv F-04/13 skal ikkje PP-tenesta for vidaregåande opplæring lenger skrive sakkunnig vurdering før inntak til vidaregåande skule. Den sakkunnige vurderinga for 10.klasse ligg til grunn for inntaket til vidaregåande opplæring. Dersom det er behov for spesialundervisning i vidaregåande opplæring skriv PP-tenesta ny sakkunnig vurdering etter at eleven har starta i vidaregåande opplæring. Dei sakkunnige vurderingane vil då vere relevante både i 10 klasse og i vg1. Dette sikrar ei god spesialundervisning. PP-tenesta melder og tilbake at den nye rutinen er ryddig og fungerer godt, sjølv om omlegginga har skapt noko usikkerhet. Fylkesdirektøren ser mellom anna at det må gjerast eit informasjonsarbeid kring PP-tenesta si rolle i samband med innsøkinga. Det er ei tydeleg føring frå fylkesdirektøren for opplæring at PPT for vidaregåande opplæring i større grad skal arbeide systemretta etter at eleven er starta i vidaregåande opplæring, og i mindre grad skal vere delaktig i innsøkingsprosessen. Her ser fylkesdirektøren store skilnadar mellom dei ulike kontora.

Erfaringar angåande saksgangen for spesialundervisning

PP-tenesta opplever at den pedagogiske rapporten, som skal vere den vidaregåande skulen si opplysing av saka og vurdering av eleven sitt utbyte av opplæringa, er av varierande kvalitet. Det er eit ønskje frå PP-tenesta og fylkesdirektøren om eit arbeid for å gjere kvaliteten på denne betre. Dersom den pedagogiske rapporten er av god kvalitet vil kvaliteten på spesialundervisninga auke. PP-tenesta gjev og nokre tilbakemeldingar om at endringar av saksgangen har redusert behovet for spesialundervisning for enkelte elevgrupper og styrka den tilpassa opplæringa. PP-tenesta trekk fram overgangen til vidaregåande skule som eit område der ein må sikre overføring av informasjon.

Innspel til arbeidsgruppe pedagogisk psykologisk teneste

Fylkesdirektøren for opplæring har i dialogmøta teke i mot innspel til arbeidsgruppe pedagogisk psykologisk teneste frå PP-kontor og vertskommunar. Tilbakemeldingane er at kontora i stor grad ser fordeler med ei gjennomgåande teneste. Primært er dette grunngjeve med verdien av å kjenne elevane og sikre gode overgangar. Det kom og innspel om at sakkunnearbeidet med nye elevar i vidaregåande opplæring er av like god kvalitet som for elevar PP-tenesta allereie kjenner.

Opplæring i bedrift

Tema oppfølging av lærlingar og lærekandidatar vart tatt opp med dei tre kontora som har eit særskild ansvar for dette. Det er behov for å ha ein grundigare gjennomgang av tema for å sikre lik handsaming av lærlingar og lærekandidatar. Det var semje om at fylkesdirektøren for opplæring skulle gjennomføre ei samling med dei ansvarlege kontora i løpet av våren 2018.

Om dialogmøta

Tilbakemeldingane frå deltakarane på møta var positive til at det blei gjennomført dialogmøte og tema på møta. Både PP-tenesta, eigarrepresentant og fylkesdirektøren vurderer møta som nyttige i arbeidet med å utvikle tenestene.